

Forskrift om bruk av restlysförsterkande og termiske siktemål ved jakt på hjort, Stranda kommune, Møre og Romsdal

Dato: FOR-2026-XX-XX

Ikraftsetjing: 01.09.2026

Gjeld for: Stranda kommune, Møre og Romsdal

Heimel: FOR-2002-03-22-313-§29a

Journalnr: 2026-XXXX

Heimel: Fastsett av Stranda kommunestyre xx.xx.2026 med heimel i forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å bidra til ei berekraftig forvaltning av hjortebestanden i Stranda kommune og å redusere alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik av hjort, mellom anna beiteskadar på innmark og skog, viltpåkøyrslar og andre uheldige konsekvensar.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld ved ordinær jakt på hjort innanfor Stranda kommune.

Forskrifta gjeld berre ved jakt i ope terreng. Med ope terreng er meint areal der jegeren har god oversikt over dyret, skyteretning og sikkert kulefang.

§ 3. Bruk av restlysförsterkande og termiske siktemål

Ved jakt på hjort er det tillate å nytte:

- a) restlysförsterkande siktemål
- b) termiske siktemål

Bruken skal vere i samsvar med gjeldande regelverk.

Jegeren er ansvarleg for at identifisering av viltet og skotløysinga skjer på ein trygg og forsvarleg måte.

§ 4. Rapporteringsplikt

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysførsterkande eller termiske siktemål skal rapportere dette i Hjorteviltregisteret.

§ 5. Evaluering

Stranda kommune skal vurdere behovet for vidareføring av forskrifta minst kvart femte år.

Vurderinga skal byggje på tilgjengeleg kunnskap om bestandsutviklinga for hjort, omfanget av beite- og skogskadar, viltpåkjørsler, måloppnåing i hjorteviltforvaltninga og erfaringar med bruk av restlysførsterkande og termiske siktemål.

Kopi av vurderinga skal sendast Landbruksdirektoratet.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå 01.09.2026.